

Gøy på gult kurs!

06.08.2007



Kunne godt vore ei veke til, seier Bente. (Foto: Kari Anne Halvorsen)

- Dette var kjempegøy!! Eg kunne godt vore ei veke til! Dette utsagnet kom frå 10 år gamle Bente Halvorsen søndag kveld etter at ho var komen heim frå Gult musikksommarkurs i Ølensvåg. Smilet var i tillegg svært så stort. Ja, det fortalde alt!!

Saman med om lag 60 andre musikantar på 10-11 år var Bente på kurset i Ølensvåg frå torsdag til søndag. – Eg kjente ingen då eg reiste dit. No kjenner eg så mange. Eg har fått mange nye venner som eg heilt sikkert kjem til å treffa att seinare på korpstreff og sånt, fortel jenta med det store smilet vidare. Deltakarane kom frå Sunnhordland og Rogaland. Det høyrer med til historien at det var rekordmange på Gult kurs dette året: - Eg må sei eg vart litt sveitt då eg såg den lange lista, sa leirsjefen, Rune Roness, før han la til, -men det har gått heilt fint. Vi har hatt det heilt topp saman med berre kjekke ungar også denne gongen.

Tema for kurset var "Stjernekrig", resultatet av arbeidet som var gjort vart vist på den imponerande avslutningskonserten søndag middag.

Konserten starta skummelt. Eit romskip landa på jorda, og romvesen gjorde sin entrè. Jorda stod i fare for å verta øydelagt. Det vart musikantane si oppgåve å berga den gjennom musikken sin. Og dei spela så vakkert at dei klarte oppgåva med glans!!

På konserten spela dei m.a. "Bånsull", "Starwars" og "Carnival de Paris" på imponerande vis før dei gav konerten ei mektig avslutning med "Gul finale". Publikum var storleg imponert, og det langvarige trampeklippet var vel fortent!

- De må jammen ha øvt mykje når de presenterer ein slik flott konsert??

- Ja, vi har øvt mykje! Det er kjempekjekt når det lèt så fint. Men vi har fått tid til mykje anna gøy og, fortel denlovande kornettisten. Ho veit å setja stor pris på både det musikalske og det sosiale utbytet som deltakarane får på desse kursa.

Det er ikkje tvil om at desse kurssamlingane er med og gjev denne hobbyen eit kjærare innhald. Når ein reiser frå sommarkursa, plar dei fleste vera fast bestemt på at dei skal tilbake neste år. Slik er det med Bente og.

Frå Kvinnherad deltok og Annikken Torget og Sussanne Herskedal frå Husnes skulekorps.

Av Thor Inge Døssland